



KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENTET
Postboks 8013 DEP
0030 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Bjarne Otnes, 71 25 85 75

Uttale til høyring av forslag om olivinskog som utvald naturtype

Fylkesmannen i Møre og Romsdal viser til brev frå Klima- og miljødepartementet 06.02.2020 med høyring av elfenbenslav som prioritert art med økologisk funksjonsområde, og olivinskog og open grunnlendt kalkmark som utvalde naturtypar. Elfenbenslav og open grunnlendt kalkmark har ingen kjende førekomstar i Møre og Romsdal, og vi avstår difor frå å vurdere desse elementa i høyringa.

Fylkesmannen stør Klima- og miljødepartementet sitt forslag om å gjere olivinskog til utvald naturtype.

Møre og Romsdal (Sunnmøre) er eit tyngdepunkt for olivinskog i Norge. Den spesielle berggrunnen og vegetasjonen den gir grunnlag for er relativt lett å identifisere, og vi reknar ikkje med at det for Møre og Romsdal sin del er vesentlege førekomstar som ikkje er kartlagt/kjende.

Naturverdiane i olivinskog er store, og fleire område ville vore kvalifisert til å bli verna som naturreservat. Interesser knytt til bergverk og skogproduksjon står i vegen for statleg og frivillig vern. Viser det seg likevel opningar for å verne enkeltområde, må ikkje innsats og vilje frå staten si side for å få realisert vern bli svakare når olivinskog blir utvald naturtype.

Olivinskog som utvald naturtype vil gi naturomsyna større tyngde i plan- og utbyggingssaker, og meldeplikt for landbrukstiltak sikrar at kommunen kan nekte eller sette vilkår dersom naturtypen blir forringa. Fylkesmannen legg til grunn at omsyna til olivinskog må vurderast strengt, spesielt i lys av at tilsvarande førekomstar ikkje kan etablerast eller utviklast andre stader.

Den sterkt avgrensa og stadbundne utbreiinga til olivinskog gjer også at vi meiner forslag til forskriftstekst gjer rett i å ikkje differensiere mellom kvalitetar i utforminga (tilsvarande A-, B- og C-lokalitetar), slik det er gjort for slåttemark og kystlynghei i gjeldande forskrift.

Høyringsnotata er ikkje utfyllande på kva typar tiltak som er meldepliktige. Handlingsplanen som skal utarbeidast for naturtypen vil difor vere viktig for grunneigarar og kommunar. Vi tillèt oss også å peike på at rettleiaren for forskrift om utvalde naturtypar er frå 2011. Med auka tilfang av utvalde naturtypar bør ein vurdere om rettleiaren bør reviderast, også i lys av at NiN-systemet er under implementering.



Dei tre viktigaste olivinområda i Møre og Romsdal er klynga i Almklovdalen i Vanylven kommune, klynga i Bjørkedalen i Volda kommune, og Onilsafeltet i Tafjord i Fjord kommune.

I Almklovdalen er dei mest verdifulle lokalitetane historisk sett borte som følge av bergverksdrift i dagbrot. Regulerte reservar vil vare i hundrevis av år med dagens uttaksnivå. Vi håpar difor forskriftsendringa kan gi større tryggleik for at attståande lokalitetar ikkje blir regulert til råstoff-utvinning. Almklovdalen vart NiN-kartlagt i 2019, og resultatata vart lagt inn i Naturbase 28.04.2020.

Bjørkedalen har lange skogbrukstradisjonar, og det er framleis relativt stor aktivitet. Store areal er omfatta av denne naturtypen, og enkeltskogeigarar har mykje av sin eigedom innanfor det som er kartlagt. Deler av arealet er godt utbygd med traktorveggar, og vidare er det planta gran i nokre område. Dette er investeringar som er gjort med tanke på å forvalte skogen og drive verdiskaping. Ei innskrenking i moglegheitene til å drive skogbruk vil difor kunne ha økonomiske konsekvensar ut over det høyringsnotatet legg til grunn. Samtidig er moderat skogbruksaktivitet til gode for naturverdiene knytt til olivinskog. Det vil difor vere viktig å finne ei god balanse mellom aktivt skogbruk og naturverdiomsyn i handlingsplanen for olivinskog, og i skjøtsel- og skogbruksplanlegging.

Delar av Onilsafeltet vest for Onilsavatnet er i dag regulert til bergverksverksemd (plan vedtatt i 2000). Aktiviteten har vore liten. Dersom verksemda tar seg opp vil vesentlege naturverdiar i området gå tapt.

I arbeidet med høyringa har vi avdekket at lokaliteten Onilsafeltet er forbytt med ein nabolokalitet av ein annan naturtype i Naturbase. Dette gjeld lokalitetane BN00070140 og BN00070139. Dette gjer at feil lokalitet er vist i departementet si innsynsløysing med oversikt over lokalitetar av olivinskog. Miljødirektoratet er orientert, og feilen vart retta opp i Naturbase 28.04.2020, men heng att i departementet si innsynsløysing i høyringa. Departementet bør vurdere om dette kan ha påverka uttalane frå enkelte høyringspartar, ev. at uttale ikkje er sendt inn, og om desse bør få høve til å uttale seg til saka på nytt med rett grunnlag.

Av redaksjonelle innspel til høyringsdokumenta vil vi peike på at høyringssaka er noko fragmentert. Dette gjeld særleg at det er to nivå av høyringsnotat, eitt som dekkjer alle tre forslaga, og eitt for kvar art/naturtype. Det blir difor både gjentakningar og stykkevis omtale av t.d. verknader av forslaget for olivinskog.

Med helsing

Linda Aaram (e.f.)
direktør Miljøvern

Astrid Buset
fagleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Miljødirektoratet

Postboks 5672 Torgarden

7485

TRONDHEIM